



Ullensvang herad

5780 KINSARVIK

Dato: 22.12.2014

Vår ref.: 2014/17501-6

Dykkar ref.:

Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet - Prisjustering

Vi viser til gjeldande avtale mellom kommunen/heradet og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet.

Timeprisen for tenestene sekretariatet leverer til kommunen/heradet vart fastsett i 2004. Berekning av prisen var då basert på at alle kostnadene fylkeskommunen ville få med dette arbeidet skulle dekkast inn. Det vil sei at dei reelle kostnadene skulle dekkast inn gjennom timeprisen og det vart ikkje lagt opp til at det skulle enda med overskot. Omsynet til at vi ikkje ville risikere å verta skulda for kryss subsidiering av verksemda, verken av kommunane eller av fylkeskommunen, var også eit viktig prinsipp som vart lagt til grunn.

Grunna relativt stor generell auke i lønskostnadene vart det med verknad frå 1.1.2008 lagt inn i avtalane prisregulering i tråd med Statistisk Sentralbyrå sin indeks for:

"Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prislektor".

Det er no 10 år sidan prisen vart fastsett og vi har ei tid vore usikker på om den no dekker dei reelle kostnadene. I samband med sak om budsjett for kontroll og tilsyn for 2015 vart det difor i sakene til kommunane/herada lagt inn eit slikt atterhald:

«Hordaland fylkeskommune har starta ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss subsidierer kommunane dei er sekretariat for. Det vert teke atterhald om at timeprisen kan verta justert i tråd med dette i budsjettåret.»

På bakgrunn av dette har vi no gjort ei ny vurdering av gjeldande timepris der m.a. desse faktorane er teke omsyn til:

- Sekretariatet sine lønskostnader
- Sekretariatet sin del av driftskostnader/felleskostnader i fylkeskommunen som ikkje vert internfakturerte; t.d. administrasjonslokale, IT-seksjon, it-fellesutgifter, HMT, innkjøp, personal, info servicesenter, fylkeskasse, adm.seksjon og forsikringar.
- Alle øvrige kostnader på sekretariatet sitt budsjett, som sosiale utgifter, reisekostnader og forbruksartiklar.
- Fråtrekk for eit årsverk som vert nytta til kontroll- og tilsynsfunksjonen i fylkeskommunen.
- Interntid på 35 % for øvrige tilsette ift. årstimetal på 1950, som inkl. ferie
 - o Dette tilsvarar interntid på omlag 20% om ein trekker frå for ferie og lunch.
 - o Interntid er tid som ikkje er fakturerbar, t.d. tid brukt til interne møter, kompetanseutvikling, kvalitetsutvikling og administrative gjeremål.

Basert på denne gjennomgangen syner det seg at dagens timepris ikkje dekker dei reelle kostnadene fylkeskommunen har med å levere tenester til kontrollutvala i dei kommunane vi er sekretariat for. Timeprisen må difor aukast for å unngå at kommunane/herada vert kryss subsidierte.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er næraste overordna for sekretariat for kontrollutvalet og rapportering skjer difor direkte til dei. Vurderinga av timeprisen vart difor lagt fram som sak i utvalet sitt møte 15.12.14 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar vurderingane i saksframlegget til etterretning.*
2. *Timeløn for sekretariatstenestene vert fastsett av sekretariatet, basert på skissa under pkt. A4 i saksframlegget.*
3. *Prisauke ifm. ny timepris i 2015, vert fordelt med omlag halve prisauken pr. 1.1.2015 og halve pr. 1.7.2015.*
4. *Prisen aukar vidare etter Statistisk Sentralbyrå sin indeks for "Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor" ein gong pr. år, første gong med verknad frå 1.1.2016 med auken i indeksen frå juli 2014 til juli 2015 som utgangspunkt.*
5. *Kontrollutvalet ber om at det vert gjort ei vurdering av timeprisen kvart tredje år*

Konklusjon:

1. På bakgrunn av det som går fram over må timeprisen aukast ved at omlag halve auken vert gjort med verknad frå 1.1.2015 og resten med verknad frå 1.7.2015.
2. Den nye timeprisen vil gå fram av første faktura etter endringsdatoar og vil verta opplyst ved førespurnad frå kommunen.
3. Prisen aukar vidare etter Statistisk Sentralbyrå sin indeks for "Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor" ein gong pr. år, første gong med verknad frå 1.1.2016 med auken i indeksen frå juli 2014 til juli 2015 som utgangspunkt.
4. Det vil verta gjort ei ny vurdering av timeprisen kvart tredje år.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Utvalsleiar